



Det Kongelige Kunnskapsdep.
Postboks 8119

0032 OSLO

Rådmannen

Saksh: Øyvind Valen

Tlf: 53 65 65 35

Dato : 15.12.2009

Vår ref: 09/16527

Dykkar ref:

Arkiv: K1-

KD

04 JAN. 2010

200905344-115

HØYRINGSFRAMLEGG OPPLÆRINGSLOVA - LEKSEHJELP

Me viser til høyringsframlegg om endring i opplæringslova som gjeld leksehjelp.

Vindafjord kommune har drøfta saka i Utval for oppvekst og omsorg. Etter drøftingane i utvalet kjem kommunen med fylgjande høyringsuttale:

Vindafjord kommune har ikkje kommentar til sjølv lovteksten, men kommunen vil peika på eit tilhøve som bør få avklaring i føresegnene som skal lagast i etterkant.

Departementet peiker heilt riktig på at innføringa vil skapa nye problemstillingar når det gjeld skyss heim frå skulen. Her peiker departementet på at leksehjelptilbodet er friviljug, samt at det ikkje er rett til skyss etter SFO, og at det heller ikkje vil bli foreslått ein plikt for kommunen til å gje gratis skyss etter leksehjelpa. Så langt er kommunen samd, men så fortset høyringsnotatet slik:

"Departementet ser imidlertid at det vil kunne medføre visse utfordringer i forhold til at noen elever vil kunne ønske skyss etter leksehjelptilbudet i stedet for etter skolen. Departementet mener at fylkeskommunene/ kommunene her må finne praktiske løsninger på dette.

Her overlet departementet vaskelege avveiningar til kommunen, utan å gje kommunen det handlingsrom som kommunen treng. Me reknar med at "praktiske løsninger" i dette tilfellet kan vera at elevane kan følgja seinare offentlege ruter der dette finnest. I vår kommune, kor oppimot kvar tredje elev er avhengig av skyss, er det for ein stor del ikkje anna busstransport enn skuleskyssen. Resultatet vil då fort bli at tilbodet om leksehjelp berre er eit tilbod til dei elevane som ikkje treng skyss eller til dei elevane som skal over i betalt SFO etter leksehjelptida.

Vindafjord kommune kan tenkja seg føresegnar som gir kommunen høve til å leggja den ordinære skuleskyssen i etterkant av leksehjelpa. Me ser for oss at dette sjølvstgjør i samråd med dei lokale brukarorgana som FAU og samarbeidsutval. Framleis vil leksehjelpa vera friviljug, men alle vil ha høve til å delta. Me ser at dette kan føra til praktiske problem rundt eventuelt tilsyn med skyssselevar som ikkje nyttar seg av tilbodet om leksehjelp, men meiner at i eit slikt tilfelle vil det vera lettare å finna "praktiske lokale løsninger", enn det er i departementets framlegg.

Konkret vil me gjera framlegg om at det i føresegnene kjem inn eit punkt som t.d. :

"Elevar har normalt ikkje rett til gratis skyss etter tilbodet om leksehjelp. Kommunen kan likevel vedta å forskyva skyssen heim slik at den kjem etter tilbodet om leksehjelp. Eit slikt vedtak kan berre gjerast etter høyring i FAU".

Med helsing

Steinar Skartland

Leiar Utval for oppvekst og omsorg
Vindafjord kommune